



Referat frå soknerådsmøte

Tid: Torsdag 30. mai kl. 16.30

Stad: Kyrkjestugu, Ål

Innkalt;

Liv A Solberg	Leveld sokn
Inger Haug	Leveld sokn
Frøydis Stoveland Dekko	Torpo sokn
Kari Kristine Flatland	Torpo sokn
Ingrid K. Hajem	Ål sokn
Anne Kjersti Frøyen	Ål sokn
Audun Vestenfor	Ål sokn
Arild Øystese Hansen	Ål sokn
Geir Wiknes	Sokneprest

Kopi sendt til vara;

Egil Kolsrud	Torpo sokn
Marianne Laa	Ål sokn
Inger Elise Kaslegard	Leveld sokn

Opning v Anne Kjersti

Pilegrimsvandring, kronikk av Knut Olav Åmås frå Aftenposten

Fadervår

Alle innkalla møtte.

SAKLISTE:

Sak 99/24 Godkjenning av innkalling og referat frå forrige møte.

Saknummereringa for 2024 starta der 2023 slutta. Dette fører til mistenkeleg høge tal på saker. Dette er ein teknisk sak, som kanskje bør halde fram ut året.

Sak 100/24 Presentasjon av vår nye trusopplærar

Gina Ingeborg Hagen vart med i møtet for å presentere seg. I samband med dette vart det også ein kjapp runde der soknerådet presenterte seg. Ho tar til i stillinga 5 august.

Sak 101/24 Godkjenning av årsmelding for soknerådet

Frøydis la fram årsstatistikken for gudstenestene ved dei tre sokna for 2023.

Undertittel på framsida skal ikkje vere «Årsmøte 30. mai 2024», sidan dette møtet vart utsett.

Kommentar: Trykkfeil frå misjonsrådet; Arild Ø. Hansen er ikkje leiar i misjonsrådet. Rett namn skal vere Gunn Elen Hansen.

Vedtak: Soknerådet godkjenner årsmeldinga for 2023 med desse rettingane.

Sak 102/24 Forslag til enklare liturgi knytt til sommargudstenestene

Gode erfaringar frå i fjor sommar gjer at ein også i år ynskjer å nytte ein litt enklare liturgi knytt til sommargudstenestene i sokna våre. Sjå vedlegg. Ein kan til dømes gjennomføre ei gudsteneste utandørs.

Vedtak: Soknerådet vedtek at forenkla liturgi for sommargudstenestene kan takast i bruk der det høver.

Sak 103/24 Endringar i gudstenesteplan for sommaren

Av ulike grunnar er det eit ynskje om å endre gudstenesta 07.07 på Torpo frå kl. 11.00 til ei kveldsgudsteneste kl. 19.00

Gudstenesta som er sett opp Ål kyrkje 14.07. ynskjer ein å leggje til Vats fjellkyrkje kl. 11.00

Vidare at gudstenesta 21.07 som er sett opp i Vats fjellkyrkje leggjast til Ål kyrkje kl 19.00

Vedtak: Endringane er godkjende.

Sak 104/24 Sokneråd neste halvår

Vedtak; møtedatoar for neste halvår;

Sokneråd;

3. september kl. 16.30

8. oktober kl. 16.30

5. november kl. 16.30

Sak 105/24 Midlar til solist ved konfirmasjon i Torpo, Leveld og Ål.

Soknerådet er spurd om å ta stilling til om det kan finnast midlar til solist ved konfirmasjonane ved alle tre kyrkjer, totalt fire gudstenester.

Forslag; Midlar til dette blir fordelt på dei tre sokna, etter ein rimeleg fordelingsnøkkel der Ål tek 50%, og Leveld og Torpo tek 25% kvar. Pengane kan dekkjast frå ofringar til barne -og ungdomsarbeidet.

Sak 106/24 Ofringar i gudstenesta

Bakgrunn for saka;

Ofring har ein definert plass i gudstenester med nattverd. Når det ikkje er nattverd skal ofringa normalt takast opp etter forbøna i samsvar med tidlegare vedtak.

Konfirmantgudstenester er spesielle. Her vil soknerådet opne for at ofringa kan takast opp under siste salme.

I 2021 vedtok Kyrkjemøtet ny ordning for konfirmasjon, og der er følgande rubrikk notert:

Takkofferet frå kyrkjelyden kan ein samla inn under førebuinga av nattverdsmåltidet eller under postludiet.

«Det er viktig å halda seg til tidlegare soknerådsvedtak, men ein bed AU og soknerådet om å revurdere dette knytt til konfirmasjonsgudsteneste. Vurdering av praktiske omsyn bør spele inn. Difor eit spørsmål om det kan opnast for kollekt ved utgangen ved dei høve som elles vil gjera innsamling av kollekt i benkane vanskeleg eller svært upraktisk når det er 2-300 menneske i kyrkja og vi ikkje har meir enn minimumsbemanning, vil kollekt ved utgangen fungere mykje betre enn å sende posar rundt til alle, medan me syngje Grundtvigs storslåtte salme *Den signede dag som nu vi ser*.

Informasjon om kollekt blir både opplyst før gudstenesta, og står klart og tydeleg i programmet.»

Sett i lys av det, kan dette vere ei tenleg løysing.

Motførestilling; det vert gitt mindre pengar i kollekt ved utgang enn ved innsamling under gudstenesta.

Forslag frå Arild: Me skal vurdere rutinane for ofringar ved gudstenester på eit seinare tidspunkt.

Soknerådet gjev dispensasjon til å samle inn kollekt ved utgangen knytt til konfirmasjonsgudstenesene i år.

Sak 107/24 Organisering av diakoniutvalet

Soknerådet vedtek at utvalet skal ha leiar frå soknerådet. Leiar blir Liv A. Solberg.

Orienteringssaker:

Open kyrkje Torpo.

Det er i AU bestemt at open kyrkje på Torpo avviklast etter siste gong 30. mai.

Kyrkja har vore lite besøkt dei siste torsdagane.

Biskop Ragnhild Jepsen vitjar Ål Kyrkje laurdag 8. juni kl. 18.00.

Der vil ho halde foredrag i høve at det i år 2024 er 1000 år sidan Olav den heilage innførte kristenretten til Noreg.

Vedtak i AU om at Soknerådet dekkjer annonsa. Har nokon høve til å komme tidlegare og «rigge» til i kyrkja? Ingrid Hajem kjem for å hjelpe til.

Soknerådet meiner dette bør annonserast på ein eller annan måte.

Ref.

Audun Vestenfor